

Fjågesund Posten

Nr. 1 januar 2017

Godt Nytt År!



VI RYDDAR JOLA UT! Støtt Fjågesund IL med tomgoods!

Har de tomgoods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne. Vi køyrer rundt og samlar inn:
Mondag 16. januar kl 17.00.



MORO-KVELD!

Fredag 20. januar kl 18.00

for alle på grendehuset.

Bordtennis spel. Det blir sal av wienerpølser, heimelaga jordeplemos, grønne ertar, brus og kaffe. Det er også mogleg å site i gangen og bare prate. Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr. Fjågesund IL




MORO-KVELD!

Fredag 3. februar kl 18.00

for alle på grendehuset.

Luftbørse skjoting. Det blir sal av wienerpølser, heimelaga jordeplemos, brus og kaffe. Det er også mogleg å site i gangen og bare prate. Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr. Fjågesund IL



FULLMÅNESKITUR

Fredag 10. februar kl. 18.30

Vi møtast ved Knarrbu på Fjågesundheia og går til Knarrhuken, ca. 3 km. ein veg (og det er bare 363554 km til månen denne kvelden, så god tur!). Med atterhald om fint og klart vær.

Arr. Fjågesund IL



GUDSTENESTE

i Fjågesund kyrkje

sondag 12 februar kl 11.00

v/Rune Lia. Unge Røyster syng. Utdeling av dåpsgåver til 1-3 åringar.

Ofr. bibelselskapet.



Basar!

Det er snart tid for den årlege basaren til Fjågesund Idrettslag, som er på palmesondag. Me er svært takksame for gevinstar til loddbøkane kåns.

Dei kan leverast til Kjersti eller Odd seinast torsdag 20 februar 2017.

På førehand takk!

Helsing styret



ÅRSMØTE

Fjågesund Idrettslag **mandag 20. februar**
kl. 18.00 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.



SKITUR TIL SLETTFJELL

Sondag 26. februar kl 10.00 frå Knarrbua.

Dersom løypa ikkje er oppkøyrd til toppen, går vi Knarren Rundt.

Turleiar Jon Ingebretsen

Vær atterhald.

Arr. Kviteseid turlag

ÅRSMØTE

Fjågesund grendehuslag **tysdag 28. februar**
kl. 18.00 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.

INFO FRÅ IDRETTSLAGET

Laget vart stifta 25 april 1977 og vi feirar dermed 40 år i år! Vi ynskjer innspel til uformell jubileumsfeiring frå dykk til Kjersti, Anette, Odd eller på epost: fjaagesund.idrettslag@gmail.com innan utgangen av mars.

Idrettslaget ynskjer fleire velkommen som medlem, medlemstalet styrkar og veg tungt ved søknader til b.l.a. kulturmidlar og Lokale Aktivitets Midlar. Laget har i dag 53 medlemmar - fastbuande, utanbygds og hytteeigerar i alle alderar. Du bind deg ikkje til noko, ana enn at me må ha fødselsdatoen din (nye medlemmar). Dette er det Noregs Idrettsforbund som krev. Ny giro blir lagt i postkassene i Bergsto og Fjågesund etter årsmøtet. Den kan du også finne på "Oppslagstavle" på fjaagesund.no.

Seinhaustes hadde vi dugnad i Ljosløypa der mykje forefallande arbeid vart utført. Som oppsetting av ein liggjande ljostolpe, reparasjon av fleire ljosarmaturar, utskifting av 100 m kabel, utskifting av fleire ljospærer og rydding av tre, busk og kratt i og vedsida av løypetraseen.

Vi minner om turbøker i Ljosløypa og på Hyvre, der du kan skrive navnet ditt og bli med på premietrekning på 17. maifeiringa.



Idrettslaget takkar så mykje for alle dugnadstimar, alle bidrag av gåver, lopper, mobilar, tomgoods og all støtte gjennom året 2016!

Sjå også heimesida til Fjågesund på:
fjaagesund.no

Fjågesund IL er på Facebook